



Det skjer stadig noko i barnehagen i Uskedalen. Her det det samefolkets dag som blir markert tidlegare i vinter. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Det skjer stadig noko i barnehagen. For få dagar sidan kunne dei glede seg over at ein ny, flott lavo endeleg er på plass på Skårhaug til erstatning for den som stormen tok tidlegare i vinter. Og 21. mars (onsdag til veka) er det open dag!**



Den nye lavoen er no på plass på Skårhaug. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Leveransen av lavoen tok si tid, men så måtte da også lavoen spesialsyast i Kautokeino! Først fekk dei levert ein grøn lavo, som vart sett opp ved ei mistyding, men no er ein som er kvit på plass. Den kostar rundt regna 20.000 kroner, men heldigvis tok kommunen denne ekstrakostnaden slik at den ikkje sprengde det vanlege budsjettet. Det er forresten berre Uskedalen i Kvinnherad som har en eigen ute-avdeling i barnehagen.

Open dag er knytta til den landsomfattande barnehagedagen dagen før og styrar Margunn Kjærland håpar at mange bygdefolk som ikkje er naturleg knytta til barnehagen vil ta ein tur innom og sjå korleis dei har det. Det blir

kunstutstilling i allrommet og i garderoben til uteavdelinga og det som blir vist er bestilte "verk" frå lokalsamfunnet. Det blir også kiosk der det blir delt ut kanapear og saft.

Opninga er frå klokka 14 til 16 og det kostar 25 kroner pr. vaksen å komma inn. Pengane dei får inn går til eit nytt fotoapparat på huset, fortel Margunn.

Dette er første gongen barnehagen i Uskedalen opnar dørene på denne måten.

Elevar og lærarar på skulen vil bli invitert på ein annan dag.

No er det 49 born og 15 ansatte ved barnehagen i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen